



MØTEBOK

Møte: 3-2017
Møtedato: Onsdag 14.06.2017
Møtestad: Fagervoll gravplass
Tid: 18.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Olava Gilje Nord (vara for Sammy Olsen), Berit Hallaråker, Trygve Totland, Mona Ingvaldsen Hodne, Elin Taranger, og Trygve Leigland.

Elisabeth Bjørnevik kunne ikkje møte. 1. eller 2. vara hadde heller ikkje mogelegheit til å møte.

Solfrid Lønning kunne ikkje møte. I.o.m. at fellestrådsmøte vart lagt til same tid som soknerådsmøte vart ingen vara kalla inn.

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2017-03-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 2 – 2017 vart godkjent med merknad på eit manglande namn på dei møtte.

2017-03-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Det vart informert om OVF-tilskot til Lutherjubileum på 30 000,- 15 000,- av desse går til dekking av underskotet til «Luther med latter» førestilling av vart sett opp i kulturhuset. Kyrkjeverja sender ut søknadsgrunnlaget til sokneråda for ei synleggjeringa av kva midlar er tenkt til.
2. Informert om OVF-tilskot til Interkulturelle treff på 10 000,-
3. Det er gjort ei oppgradering av brannanlegget i Lykling kyrkje etter ei uheldig episode på falsk alarm og utrykking for lokalt brannvesen. Varslinga er no godt over frå nettverksvarsling til GSM varsling på lik linje med dei andre kyrkjene. Kyrkjeverja følgjer opp situasjonen med varsling av både brann og innbrot, og situasjonen med brannøvingar og brannrutinar.
4. Kyrkja har i vår måte gå over på eige timeregistrerings verktøy då kommunen sin brukarbase er full. Dette har ført til ekstra kostnader for fellestrådet, noko som er ei punkt under tenesteytingsavtalen kyrkje har med kommunen.

2017-03-03 KVRTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2017

Kyrkjeverja informerte om nokre nøkkeltal i tilknytning til 1. kvartal. Det vart også gitt uttrykk for at ettersom dette er første gong kvartalsrapportane til fellesrådet vert periodisert er det nokre perodiseringsfeil ein må ta hensyn til. Fellesrådet gav uttrykk for at på sikt vil dette gi fellesrådet eit godt styringsverkøy for framtida. Det var elles ikkje nokre merknadar til rapporten.

Vedteke:

- 1. Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 1. kvartal 2017 til vitande.*

2017-03-04 INVESTERINGSPLAN 2018 - 2021

Investeringsplan for 2018 til 2021 vart lagt fram med grunnlag i vedtak for investeringsbudsjett i møte 6 – 2017. Fleire av momenta vart diskutert og gjort endringar på. Viktigheita av bruka av konsulentar med fagleg tyngd var presisert i forhold til dei største investeringssakene.

Vedteke:

- 1. Fellesrådet godkjenner investeringsplan med førehald om følgjande endringar:*
 - a. Steinheller kring Moster kyrkje vert flytta frå 2021 til 2018. Dette er ein kritisk HMS-sak som ein ikkje kan la ligge.*
 - b. Nytt gravkapell på Fagervoll byta prosjektnamn til «Riving av gravkapell/Nytt klokketårn og tilleggsbod».*
 - c. Oppstart planlegging av nytt kyrkjeorgel i Moster kyrkje til 2024 vart lagt inn i 2021 med 100 000,-*
- 2. Investeringsplanen vert sendt rådmannen etter gjennomført endringar.*

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje